

Dato: 15.01.2019

Alver Kommune  
Byggesak  
Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug


**Redegjørelse om søknad om søknad nytt mellombels materiallager  
Gnr 185 bnr 262 Kvernhusmyrane 9, 5916 Isdalstø.**

1. Nytt mellombels materiallager i strid med plan, Søknad om mellombels dispensasjon jamfør Pbl. § 19-2. frå formål i vedteken Reguleringsplan 1263-201201.
2. Søknad om forlenga dispensasjon frå 2010, jfr. Reg plan for eks. plasthall.
3. Søknad om dispensasjon fra krav om avstand nytt lager til vegmidte FV 57, ( B – 1 ) fram til oppstart nytt veganlegg. ( sendt Statens vegvesen 15.01.2019 )
4. Sjå vedlegga B- 1 og B - 2

Vi har hatt ein plasthall ståande vesentleg lenger enn løyve vart gjeve. Vi fekk eit mellombels løyve på fem år i 2010, då nybygg ved skulen var planlagt utført tidlegare. Vi beklager situasjonen, då oppstart nytt skulebygg er forseinka. Samtidig erfarer vi at bygget ikkje har stått i vegen for realisering av vedtekne planer for FV 57. Vi må drive vidaregåande opplæring her fram til nytt bygg er på plass. Bygglinja ved skulen har hatt stor nytte av hallen, og vil gjerne ha den ståande der til skulen får samla einingane sine på planlagt tomt i nærleiken. Materiallageret vi søker om er også etterlengta, og vil vere eit stort pluss for undervisninga. Situasjonen for lagring av materialer er ikkje den beste. Difor søker vi no om å få setje opp eit mellombels ope bygg på staden like ved plasthallen som er vist på D – 1. Dette blir eit kjekt elevarbeid, samstundes som det er svært nyttig for byggklassene.

Når det gjeld kommunen si handsaming av saka ber vi om forenkla behandling. Det skulle ikkje vere naudsynt å sende denne søknaden til høyring hos Fylkeskommunen og Fylkesmannen. Grunnen er at begge bygga er klart i strid med er vedteken reguleringsplan, og spørsmålet er berre kor lenge kan bygga kan stå før dei må rivast. Dette kan det sikkert ikkje gjevast klart svar på, då vegprosjektet gjerne ikkje er tidfesta enno for oppstart. Slik vi ser det er det berre Statens vegvesen som bør høyrast her. Vi ber om at det vert utvist skjønn i saka, slik at lovpålagt vidaregåande opplæring kan halde fram på ein god måte på denne etablerte skulestaden, fram til at det vert ei klar interessekonflikt. Då vil dei to bygga verte raskt fjerna. Det tek berre ei veke å rive aktuelle bygg. Vi har ikkje nabovarsla tiltaket, då det knapt vert synleg, og Statens vegvesen er einaste part utanom fylkeskommunen.

Med venleg helsing

  
Lyder K Leithaug

Mob: 920 13 472    epost: [lyder.konrad.leithaug@vlfk.no](mailto:lyder.konrad.leithaug@vlfk.no)